

Innspel til melding til Stortinget om profesjonsutdanningane

Innspel frå Gol kommune v/kommunalsjef Hallvor Lilleslett

Generelt

1. I teksten over har vi trekt opp ein del utfordringar for profesjonsutdanningane. Er de samde i at dette er sentrale utfordringar? Kva vil de eventuelt trekkje fram for å supplere eller korrigere dette utfordringsbiletet?

Svar: Ja

2. Korleis kan universitet og høgskular utvikle utdanningane i tråd med framtidige kompetansebehov og samfunnsendringane vi trekk opp?

Svar: I større grad basere seg på treårige grunnutdanningar. Dialog med arbeidslivet i både offentleg og privat sektor. Deretter eventuelt spesialisering i kombinasjon med arbeid.

Kvalitet

5. Er det utfordringar med å rekruttere personar med førstekompetanse til utdanningane og i tilfelle kvifor?

Svar: I enkelte utdanningar som t.d. lærarutdanning, er det eit generelt karakterkrav i matematikk. Karakterkravet burde heller vore innan norskfaget, viss det skal vera eit generelt karakterkrav

6. Kva skal til for å bygge sterke forskingsmiljø i profesjonsutdanningane. Kva er barrierane?

Svar: Kombinasjonsstillingar med forsking og utdanning

7. Korleis kan koplinga mellom forsking og undervisning innan profesjonsfag bli betre?

Svar: Kombinasjonsstillingar med forsking og utdanning

13. Har de døme på god dialog mellom universitet og høgskular og arbeidsliv for å sikre at kapasiteten er i tråd med behovet i arbeidslivet?

Svar: Regionale tilbod innan grunnutdanning og vidareutdanning

18. Korleis kan vi mobilisere vaksne som har familie og økonomiske forpliktingar til å ta ei profesjonsutdanning?

Svar: Ved praktisk tilrettelegging gjennom regionale ordningar. Økonomiske støtteordningar

22. Korleis kan alle partar leggje til rette for at fleire får praksisen dei treng?

Svar: Opprette eigne praksisstillingar

23. Lærestadane og arbeidslivet er avgjerande for kvaliteten i praksisopplæringa. Kan regjeringa likevel gjere meir for at alle studentar får praksisopplæring av god kvalitet, både når det gjeld førebuingane til praksis og rettleiing og fagleg oppfølging av praksisen?

Svar: Opprette eigne praksisstillingar

24. Korleis kan utdanningane førebu studentane på eit yrkesliv der dei er forventa å samarbeide med andre profesjonar?

Svar: Ulike typar profesjonar må vera representert i utdanningane

25. Kva kan motivere til å ta imot fleire praksisstudentar og bygge ut samarbeidet om utdanning?

Svar: Opprette eigne praksisstillingar

26. Er strukturen på praksis og mengda med praksis innan lærarutdanningane rett eller bør praksisperiodane vere lengre og slik gi høve til eit djupare innblikk i livet på ein skule eller barnehage?

Svar: Praksissjokket er stort for mange lærarstudentar når dei kjem ut i arbeid i skulen. Vi trur at mange ikkje er førebusse nok eller har god nok kunnskap om korleis skulekvarden er.

- Det bør vurderast om studentar skal ha eit år som praktikant/assistent i forkant av studiet
- Det må vera meir praksis gjennom studiet
- I etterkant av studiet bør det vera eitt til to år som lærar er i spesialisering før ein får endeleg godkjenning

Generell kommentar lærarutdanning og barnehagelærarutdanning:

Vi opplever at nyutdanna kandidatar er lite «robuste» i møte med kvarden innan skule og barnehage.

Rekrutterer vi feil? Er det for lite vekt på praksis under utdanninga? Bør det vurderast eit praksisår i forkant av studiet? Det må vera større vekt på pedagogikk og didaktikk, relasjonskompetanse og psykologiske faktorar. Det må vera meir vekt på treårig utdanning. Spesialisering bør skje i kombinasjonsstillingar, og andel lærarar med master må vera mindre.

Korleis få fleire til å stå lengre i arbeid?

Generelt kan ein også stille spørsmål ved kor lenge ein kandidat skal kunne samle seg poeng for å kome inn på det studiet ein ynskjer. Skal fleire stå i arbeid lengre :

- Kortare tid til sanking av tilleggspoeng
- Kortare periode med studie

Det må inn meir spes ped i grunnutdanningane. Lærarar som er utdanna i spes ped må kunne ta vidareutdanning og ta einskildfag, slik at dei også kan ha undervisningskompetanse som lærar.

Foreldresamarbeid har for lite innslag i utdanninga.

For mindre kommunar er det eit utfording at lærarar med master har såpass få fag i fagkrinsen at skal ein kunne nytte dei fullt ut, så må dei ha vidareutdaning med fleire fag for å få brei nok fagbakgrunn.

Dersom det framleis skal vera masterstudium, må det vera større breidde med fleire fag og mindre vekt på masternivået. Vi ynskjer oss attende til allmennlæraren.

Utfordingar som vi ser no etter kvart:

Innan barnehage: færre ynsker å vera pedagogisk leiar

Innan skule: færre ynskjer å ta jobben som kontaktlærar

Gol 12.6.2023

Hallvor Lilleslett, kommunalsjef